

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Postboks 93
4791 LILLESAND

Deres ref

Vår ref
24/3801-68

Dato
6. oktober 2025

Supplerande tildelingsbrev nr. 3 for 2025 - Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til tildelingsbrev til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) for 2025. Dette supplerande tildelingsbrevet gjeld følgende fem saker:

1. Tildeling av midlar på andre budsjettkapittel
2. Nytt nødnett – ansvarsoverføring og vidare arbeid
3. Nasjonal sikkerheitsplan for digital infrastruktur – gjennomføring
4. Bistand til arbeid med gjennomføringsforordning til KI-forordninga
5. Førebu etablering av bransjesamarbeid

1. Tildeling av midlar på andre budsjettkapittel

1.1 Markedspris for grossisttilgang til fibersambandet til Svalbard

DFD viser til supplerande tildelingsbrev nr. 1 for 2025 til Nkom, der Nkom fekk i oppdrag å vurdere og estimere kva marknadspris for grossisttilgang til fibersambandet til Svalbard vil vere. DFD viser vidare til konklusjon i etatsstyringsmøte 2 for 2025 om at DFD undersøker om departementet har midlar som kan bidra til ei utgreiing knytt til dette oppdraget.

Nkom blir med dette tildelt 600 000 kroner over kap. 1541, post 22 i 2025 som bidrag til ei slik utgreiing.

1.2 Arbeid med nytt nødnett

DFD viser til overføring av ansvaret for prosjektet for nytt nødnett, jf. også pkt. 2. nedanfor.

Nkom blir med dette tildelt 4,8 mill. kroner over kap. 1541, post 22 i 2025 som kan nyttast til arbeid med prosjektet for nytt nødnett

2. Nytt nødnett – ansvarsoverføring og vidare arbeid

DFD viser til at ansvaret for prosjektet for nytt nødnett er flytta frå Justis- og beredskapsdepartementet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet med verknad frå 29. august 2025. Ansvaret gjeld forprosjektfasen, kommande gjennomføring og vidare drift.

DFD viser til eige oppdragsbrev til Nkom og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap om saken, sendt 8. september.

Kontaktperson i DFD: Thor Arne Aass.

3. Nasjonal sikkerhetsplan for digital infrastruktur – gjennomføring

DFD viser til tildelingsbrevet til Nkom for 2025, kor ei hovudprioritering er å foreslå og gjennomføre nødvendige tiltak for å vareta kravet om sikre og robuste nett og tenester i heile landet.

Nasjonal sikkerhetsplan for digital infrastruktur – Elektronisk kommunikasjon i fred, krise og krig blei lansert 1. september 2025. Sikkerhetsplanen følger opp både Nasjonal sikkerhetsstrategi og totalberedskapsmeldinga, med eit tydeleg mål om at samfunnet må førebu seg på kriser og krig. Sikkerhetsplanen foreslår å auke takta betydeleg på ei rekke tiltak, og set i verk nye tiltak, som myndighetene og teleselskapa skal gjennomføre saman.

DFD ber Nkom følge *opp kapittel 3 Gjennomføring av sikkerhetsplanen*, og ta på seg rolla som Programleiar for sikkerhetsplanen og etablere prosjekt(er) og prioriteringar i samråd med departementet og tilbydarar, slik planen legg opp til. DFD ser det som føremålstenleg med eit oppstartsmøte for arbeidet, kor detaljar om oppdraget og plan for arbeidet blir avklart.

Oppstartsmøte med DFD blir gjennomført før 15. oktober.

Forslag til ei førebels tidslinje og gjennomføringsplan skal presenterast for DFD innan 15. desember 2025.

Kontaktperson i DFD: Camilla Broch Pedersen

4. Bistand til arbeid med gjennomføringsforordning til KI-forordninga

DFD viser til tildelingsbrevet til Nkom for 2025, kor ei hovudprioritering er at Nkom skal ta ei aktiv rolle i arbeidet med å førebu og gjennomføre nye EU-reguleringar om digitale tenester, dataøkonomi og kunstig intelligens. Vidare står det også i tildelingsbrevet at Nkom skal bidra til effektiv gjennomføring av slike reguleringar.

Departementet tek sikte på å fremje ein lovproposisjon som skal gjennomføre EUs forordning om kunstig intelligens (KI-forordninga) i norsk rett våren 2026. Nkom deltek allerede i arbeidet med denne lovproposisjonen. Gjennomføringsforordning (EU) 2025/454 om etablering av vitskapspanelet blei vedtatt 7. mars 2025. Som ledd i arbeidet med gjennomføring av EUs regelverk om kunstig intelligens, ber DFD Nkom om å utarbeide EØS-notat og utkast til standardark om denne gjennomføringsforordninga. EØS-notatet skal utarbeidast i EØS-notatbasen.

Frist: 31. oktober 2025.

Kontaktperson i DFD: Christopher Mittet Korsell.

5. Førebu etablering av bransjesamarbeid

DFD viser til tildelingsbrevet til Nkom for 2025, kor ei hovudprioritering er å vere ein pådrivar for berekraft, innovasjon og verdiskaping innanfor elektronisk kommunikasjon, tilhøyrande utstyr, tenester og datasenter.

DFD viser vidare til *Datasenternæringa – ei berekraftig framtidsnæring for det digitale Noreg*, som blei lagt fram i juni 2025. Eit av tiltaka i denne nye nasjonale datasenterstrategien er at regjeringa vil etablere eit offentleg-privat bransjesamarbeid mellom ekommyndigheitene og bransjeaktørane innanfor digital infrastruktur og digitale tenester, for å sette felles mål og visjonar knytt til auka og varig berekraft. Vidare er det eit regjeringa vil-punkt i strategien at utviklinga i datasenternæringa skal vere marknadsdriven og mogleggjere framvekst av potensielle nye underliggende nærings- og verdikjeder, og at datasenternæringa bidrar til auka framvekst av ein leverandørindustri knytt til datasenter i Noreg.

Departementet ber Nkom om å førebu etableringa av eit slikt bransjesamarbeid, som også kan følge opp målsettingane knytt til ny næringsutvikling, ved å utarbeide eit forslag til korleis samarbeidet konkret kan settast opp, innrettast og driftast, i samråd med DFD. DFD tek sikte på at forslaget frå Nkom vil bli lagt til grunn for eit nytt oppdrag om etablering av forumet i tildelingsbrevet for 2026.

Frist: 30. november 2025.

Kontaktperson DFD: Emmelie Odberg Rosengren og Haakon Kristian Hagen

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Riksrevisjonen
Samferdselsdepartementet